

Høyring - Konseptrapport for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal

Helse Møre og Romsdal HF sender med dette konseptrapporten for prosjektet Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) ut på høyring.

Mandatet for konseptfasen er å sikre eit grunnlag for å kunne gå vidare med forprosjekt i 2017. I konseptfasen har vi utgreidd følgjande alternativ for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal

- Nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal på Hjelset, med eit godt poliklinisk tilbod/distriktsmedisinsk senter i Kristiansund.
- To ulike verksemdsalternativ for innhaldet i spesialisthelsetenestetilbodet i Kristiansund.
- Basert på dei to verksemdsalternativa for spesialisthelsetenestetilbodet i Kristiansund, har vi vurdert alternativa plassert både i dagens Kristiansund sjukehus og i nye lokale.

Eit nybygg-alternativ i Kristiansund er ikkje konkretisert i konseptrapporten. Prosjektet gjennomfører eit mogleghetsstudie og skisseprosjekt på Storhaugen i Kristiansund i haust. Resultatet av arbeidet vil inngå i konseptrapporten som blir lagt fram til styrehandsaming i HMR og HMN.

Konseptrapporten med vedlegg kan du laste ned frå www.helse-mr.no/snr

Høyringsfristen er sett til **14.oktober**.

Høyringsinnspel sendast på e-post til: postmottak@helse-mr.no, eller som post til: Helse Møre og Romsdal HF, postboks 1600, 6026 Ålesund. Merk konvolutten: «Konseptrapport».

Vi presiserer at administrerande direktør og styret i Helse Møre og Romsdal ikkje har konkludert med omsyn til kva alternativ som blir anbefalt å ta vidare med i forprosjektfasen. Innspel i høyringsprosessen er viktige for vurderinga, og konseptrapporten blir ikkje ferdigstilt før etter av høyringsprosessen er avslutta. Helse Møre og Romsdal HF oppmodar derfor alle om å gje innspel og synspunkt. Endeleg konseptrapport skal til handsaming i styret i Helse Møre og Romsdal 25.november, og i styret i Helse Midt-Norge i desember 2016.

Høyringskonferansar:

Det blir arrangert høyringskonferansar i Molde og i Kristiansund følgjande dagar:

- 5.september, kl.18.00-20.00 ved Scandic Seilet i Molde
- 6.september, kl.18.00-20.00 ved Caroline kino- og konferansesenter i Kristiansund

Adm.dir. Espen Remme og representantar frå leiinga i HMR vil vere tilstade i møtet, saman med prosjektdirektør i SNR, Bjørn Remen, representantar frå prosjektorganisasjonen og Nordic arkitektkontor. Det blir gitt ein gjennomgang av Konseptrapporten og dei ulike alternativa i rapporten. Det blir informasjon om høyringsprosessen, og det vil bli gitt høve til å stille spørsmål.

Høyringsprosessen:

Vi ber særleg om tilbakemelding på:

1. Dimensjonerande føresetnadar for SNR (*kap. 11*)
2. Konzeptvalg for akuttsjukehuset på Hjelset (bygg og driftsløysingar (*kap.12*))
3. Grunnleggjande føresetnadar (*kap. 8.1.1*) og utvalskriterier (*kap. 8.1.3*) for tilbodet i Kristiansund.
4. Kva alternativ for SNR er best egna til å sikre befolkninga i Nordmøre og Romsdal eit best mogleg spesialisthelsetenestetilbod?

Vidare prosess:

Eit samandrag av høyringskommentarane vil bli inkludert i konseptrapporten. Alle høyringskommentarar vil bli samla i ein eigen rapport og lagt ved den endelege konseptrapporten.

Med vennleg helsing



Espen Remme
Administrerande direktør
Helse Møre og Romsdal HF

Ønskjer du meir informasjon, ta kontakt med:

Bjørn Remen, prosjektdirektør. Tlf.: 977 29 133

Astrid Johanne Brandshaug, prosjektleiar. Tlf.: 957 66 990, e-post: prosjekt.snr@helse-mr.no

Merete Hagbø, prosjektleiar. Tlf.: 924 10 852, e-post: prosjekt.snr@helse-mr.no